SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.
Sak nr.: 15/9151-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
27622/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 23.08.2016

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Lov om endringer i opplæringsloven (Friare skulevalg over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m.) LOV-2016-06-17-67

Ny lov vart sett i verk 01.08.16

§13-3 lyder:
Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for vidaregåande opplæring
Fylkeskommunen skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter denne lova for alle som er busette i fylkeskommunen.

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn der dei bur. Departementet gir forskrift om slik refusjon.

Fylkeskommunen skal gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 eller § 4A-3.

Departementet gir forskrifter eller pålegg i enkelttilfelle om kven som skal reknast som busett i fylkeskommunen. Departementet kan påleggje fylkeskommunen å setje i gang vidaregåande opplæringstilbod som omfattar søkjarar frå andre fylke.

Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til blant anna nasjonale mål, ønska til søkjarane og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, og under omsyn til ansvaret sitt for opplæring i fengsel og i sosiale og medisinske institusjonar og behovet for spesialundervisning. Fylkeskommunen skal gi tilbod om praksisbrev.

Offentlege vidaregåande skolar skal vere fylkeskommunale. I særlege tilfelle kan staten eller ein kommune drive vidaregåande skolar. Kommunen må ha godkjenning frå departementet.

Andre ledd i §13-3 omfattar plikta fylkeskommunane har til å ta inn søkjarar frå andre fylke ved ledig kapasitet.

På regjeringa.no vart det lagt ut ein artikkel 18.03.16. På det tidspunktet var ikkje lovforslaget vedteke i Stortinget. Om verknadstidspunktet står det:

Fordi opptaket til skoleåret 2016/2017 da allerede er gjennomført, vil lovendringen først få effekt ved opptak til skoleåret 2017/2018.

Dette er den informasjonen fylkeskommunane så langt har fått.

Høyringssaka som hovudutvalet for opplæring handsama i møte 24.11.15 (HO-sak 30/15) (vedlegg 1), bygde på departementet sitt høyringsnotat (vedlegg 2) og gav ein gjennomgang av Kunnskapsdepartementet sine vurderingar knytte til lovforslaget som no er vedteke.

Dette er grunnlaget vi så langt har for å vurdere dei praktiske og økonomiske konsekvensane. Konsekvensane for fylkeskommunane er høgst usikre, og fylkesdirektøren har ikkje anna grunnlag for å vurdere konsekvensane for vårt fylke enn hausten 2015.

I fjerde ledd i §13-3 står det at departementet kan påleggje fylkeskommunane å setje i gang opplæringstilbod som omfattar søkjarar frå andre fylke. Denne formuleringa var, så vidt vi kan sjå, ikkje med i høyringsutkastet.

Her er kort oppsummert føresetnader Kunnskapsdepartementet la til grunn i fjor.

- Fylkeskommunane har plikt til å handsame søknader frå gjesteelevar og plikt til å ta i mot gjesteelevar ved ledig kapasitet. Fylkeskommunane kan framleis prioritere eigne søkjarar.
- Alle søkjarane som får tilbod i anna fylke har rett til finansiering frå heimfylket utan vilkår.
- Retten til vidaregåande opplæring kan bli oppfylt ved at eleven søkjer og får skuleplass i eit anna fylke, men dersom eleven ikkje kjem inn i eit anna fylke, må heimfylket oppfylle retten til inntak på eitt av tre val i eige fylke.
- Elevar som søkjer i andre fylke må også søkje vidaregåande opplæring i eige fylke, og eventuelt om fortrinnsrett og individuell handsaming dersom dei meiner dei oppfyller kriteria for ein slik søknad.
- Det er heimfylket som får ansvaret for å gje tilbod om vg3 i skule dersom dei ikkje finn læreplass til elevar busette i eige fylke, uavhengig av kor eleven går på skule.
- Karakterar skal vere grunnlag for inntak av gjesteelevar, med unntak av elevar som har fortrinnsrett. Inntak på grunnlag av karakterar vil gjere at elevar som per i dag ikkje får gjesteelevgaranti får reelt høve til eit inntak i andre fylke. Eksisterande fylkesvise gjesteelevordningar vert oppheva, slik at nasjonalt fastsette reglar for inntak skal gjelde ved konkurranse mellom gjesteelevar. Fylkeskommunane kan likevel inngå avtalar om kjøp og sal av plassar seg i mellom. Når ein fylkeskommune kjøper plassar i eit anna fylke, vil fylkeskommunen disponere desse plassane på lik linje med plassar i eige fylke.
- Sidan fylkeskommunane har plikt til å ta i mot gjesteelevar ved ledig kapasitet er det viktig at vertsfylka får god kostnadsdekning. Satsar for gjesteelevoppgjer skal i tillegg gje insentiv for fylkeskommunar til både å oppretthalde gode tilbod for eigne elevar og til å byggje ut attraktive tilbod ved etterspørsel frå søkjarar frå andre fylke. Departementet foreslår at satsar for gjesteelevar byggjer på vertsfylket sine gjennomsnittlege kostnader. KOSTRA syner fylkeskommunen sine utgifter per utdanningsprogram, og dette skal vere grunnlag for fastsetjing av satsane. Ein ynskjer ikkje å innføre nye rapporteringskrav på programområdenivå.
- Elevar får rett til gratis skuleskyss til skular i andre fylke på same vilkår som i eige fylke, som er når reisevegen er lengre enn seks kilometer.

<u>Fylkesdirektøren sine kommentarar.</u>
Alle som søkjer vidaregåande opplæring har rett til å søkje i alle fylke, og fylkeskommunane ser ikkje kva andre fylke det er søkt til. Ein konsekvens kan bli at fleire fylke aukar kapasiteten på grunnlag av søknad frå same gjesteeleven. Alle som søkjer i andre fylke må også søkje i heimfylket. Dersom tal søkjarar til andre fylke aukar, og dei får plass i anna fylke, kan konsekvensane først bli tydlege ved inntak, når ein ser kven som takkar nei til plass i eige fylke. Justering av gruppetalet er vesentleg meir krevjande etter inntaket i starten av juli enn etter søknadsfristen 1. mars.

Fylkesdirektøren ser at Hordalandsavtalen, i noverande form, må vurderast. Lovendringa gjer at grunnlaget for å krevje at elevane frå Gulen og Solund skal bu

heime, ikkje lengre er til stades. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til hovudutval for opplæring med ei vurdering av Hordalandsavtalen på eit seinare tidspunkt.

Det er høgst usikkert kva det vil bety at departementet kan påleggje fylkeskommunen å setje i gang opplæringstilbod som omfattar søkjarar frå andre fylke. Det kan kanskje få konsekvensar for fylke som har landsline- eller landsdekkande tilbod, at fylkeskommunane vert pålagt å setje dei i gang sjølv med få søkjarar frå heimfylket. For Sogn og Fjordane vil det kunne gjelde vg2 industriell møbelproduksjon som er landsdekkande tilbod.

Dersom søkjarar frå Sogn og Fjordane i stor grad søkjer seg til vg2 yrkesfag i andre fylke, vil tilpassing til læreplasstilgangen i fylket bli vesentleg meir krevjande. I dimensjonering av yrkesfagtilboda i eige fylke legg vi stor vekt på tilgangen på læreplassar. Det er heimfylket som får ansvar for å gje tilbod om vg3 i skule for dei ein ikkje finn læreplass til.

Dei økonomiske konsekvensane av lovendringa har ein ikkje oversikt over per no. Tal elevar frå Sogn og Fjordane med skuleplass i andre fylke (utanom kjøpte plassar og gjesteelevar) for skuleåret 2016-17 er ikkje tilgjengeleg før i starten av oktober. Vi har såleis ikkje andre tal enn dei som vart presenterte i HO-saka i november 2015, som er tala for skuleåra 2014-15 og 2015-16.

Elevar frå Sogn og Fjordane på skular i andre fylke:	**2014-15**	**2015-16**
Austrheim og Voss gjennom Hordalandsavtalen	30	24
Kjøpt plass/ gjesteelevgaranti i andre fylke utanom Hordalandsavtalen	21	24
Inntekne i fylkeskommunale skular i andre fylke utan medverknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune	41	70
SUM	**92**	**118**

Fram til no har stykkpris for elevplassar knytt til Hordalandsavtalen vore avtala mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Etter siste avtale er satsen 75 000 per elevplass, uavhengig av utdanningsprogram.

For kjøpte plassar/gjesteelevar utanom Hordalandsavtalen gjeld KS sine satsar for dei ulike utdanningsprogramma. Utdanningsprogramma er delte i fire grupper, ut frå driftskostnader.

Lovendringa betyr at driftskostnadane knytt til dei ulike utdanningsprogramma vert grunnlaget for gjesteelevoppgjeret mellom fylkeskommunane. Det vil difor ikkje vere mogeleg å rekne ut kostnadane no. Som ei synleggjering av eit mogeleg kostnadsnivå har fylkesdirektøren nytta satsen for gruppe 2,(nest lågaste sats) 123 800 kr per plass, og lagt til grunn tal elevar som gjekk i fylkeskommunale skular utanfor fylket. Med ei slik tilnærming ville kostnaden for 2014-15 blitt om lag 11,4 mill. kr for 92 elevar, og for 2015-16 om lag 14,6 mill. kr for 118 elevar (med ein snittkostnad på 1,4 mill. kr per gruppe utgjer 11,4 mill. kr om lag 10 grupper).

Konsekvensar for elevar med rett til spesialundervisning etter §5.1 i opplæringslova og konsekvensane for fylkeskommunen er så langt ikkje vurdert.

I § 3 og 4 (alle punkt) i ny lov er praksisbrevkandidat teke med på linje med elev, lærling og lærekandidat. Praksisbrev er ein yrkesfagleg opplæringsordning med sikte på kompetanse på eit lågare nivå enn fag- og sveinebrev.

I høyringsuttalen til lovforslaget gjekk arbeidsutvalet til fagopplæringsnemnda mot oppretting av praksisbrevkandidatordninga med følgjande grunngjeving:

> *«Det er vår vurdering at behova for fleksible løp med sluttvurdering på lågare nivå enn fag- og sveinebrev er dekka gjennom lærekandidatordninga.»*

I følgje departementet sitt høyringsforslag i haust, skal ordninga ikkje vere søkbar. Ordninga skal vere eit alternativ for elevar som kjem rett frå ungdomskulen, men som kanskje manglar motivasjon for å starte i vidaregåande opplæring. Tilbodet går over to år, med fordeling av fellesfaga på dei to åra. Fylkesdirektøren ser føre seg at omfanget vil vere relativt avgrensa og ser føre seg å gje tilbodet ein stad i fylket. Dei praktiske og økonomiske konsekvensane av lovendringa er usikre.

Uvissa knytt til dei samla økonomiske konsekvensane av lovendringane er store.